Saksbehandler: Olav Fykse Tveit

Referanser:

Saksdokumenter:
Rapport nr. 16/2009 **Olav Fykse Tveit**
Rapport fra møte om Global økumenisk konferanse om dalitproblemet 20.-24.03.2009

# Dalitproblematikken

## Sammendrag

Dette er ein problematikk som er gjort greie for i rapporten frå konferansen om dalitane sin situasjon. Det er eit tema MKR/AU tilrår vert drøfta som sak i MKR, med tanke på vårt vidare engasjement frå norsk kyrkjeleg side. 20.-24. april 2009 vart FN-konferansen om rasisme og diskriminering gjennomført i Genève (Durban II), prega av at heilt andre emne og aktørar. Utanriksminister Støre bidrog sterkt til at det trass alt vart fokus på hovudsakane med sitt innlegg. Like fullt vart det diverre ein sluttrapport som ikkje tek opp den diskrimineringa som skjer pga kaste, og det er beklageleg. Det vil vere naturleg å drøfte om og evt korleis MKR skal engasjere seg vidare både i norsk samanheng og i det økumeniske fellesskapet, og i samarbeid med andre norske organisasjonar. Dette er eit enorm menneskerettsproblem, og som på ein spesiell måte også gjeld inter-kristen solidaritet.

## Forslag til vedtak

1. MKR vil uttrykkje si støtte til dei globale økumeniske initiativa som no vert tekne for å løfte fram diskrimineringa som skjer på bakgrunn av kaste. Dette er ein skandale for det menneskelege fellesskapet i verda. Saman med andre krefter må også Den norske kyrkja bidra til å gjere det kjent og til å få avvikla denne forma for diskriminering.

2. MKR vil be norske styresmakter bidra meir til at denne problematikken vert sett på den internasjonale dagsordenen, og at det vert gjort internasjonale politiske framstøyt for å få til endringar.

3. MKR bed sekretariatet samarbeide med andre humanitære og kyrkjelege organisasjonar i Noreg for å gjere denne problematikken kjent.

MKR 36109

**Rapport nr. 16/2009**

# Rapport frå felles arrangement for KV og LVF: Global Ecumenical Conference on Justice for Dalits. "A Call for Solidarity", Bangkok, 21.-24. mars 2009

**v/ generalsekretær Olav Fykse Tveit, Mellomkyrkjeleg råd**

## 1. Kva er dalit-problemet?

Temaet er både kjent og ukjent for mange, ikkje minst i vår del av verda. Kastesystemet er noko av det fyrste vi lærer om det indiske samfunnet, og trur vel at det er noko som var, når vi lærer at i Indias grunnlov er det offisielt avskaffa. Samstundes er vi ikkje så klar over det som skjer framleis og kanskje med forsterka alvor for dei som ikkje ein gong var med i kastesystemet, men utanfor. Det var dei som ikkje skulle visast eller rørast; "the untouchable".

Dei kallar seg sjølve "dalitane", "dei såra, dei brotne". Som eit uttrykk for klage, men også for vilje til kamp mot det som undertrykkjer og bryt dei sund. Dette namnet er ikkje offisielt akseptert av land som er påverka av kastesystemet, så som India. Det er dessutan verdt å merke seg at fleire land i Sør-Asia er påverka av at kastesystemet spelar ei reell rolle i samfunnet, trass i at det ikkje er offisielt eksisterande.

Det finst no fleire tiltak, grupper og institusjonar som har gjort mykje for å gjere problemet kjent. Vedlagt er ei fråsegn frå konferansen som gjev noko innsyn i hovudpunkta og med noter med referansar der ein kan finne god og utfyllande informasjon. Særleg kan eg tilrå å sjå kva International Dalit Solidarity Network har på www.idsn.org .

Etter det eg fekk inntrykk av dei mange ulike innfallsvinklane vi vart presenterte for problemet på, er det i dag eit problem som særleg kjem til uttrykk på følgjande måtar:

1) Det er framleis ei gjennomført og subtil nedvurdering, diskriminering og til dels ekskludering fysisk og psykisk av dalitane. Det skjer konsekvent, dagleg, ope eller subtilt, i mange lokalsamfunn, i skulesystemet, i arbeidslivet, med tanke på økonomi, politikk, og ikkje minst gjer det seg gjeldande i høve til religionen.

2) Det er alvorlege, grufulle og skræmande rapportar om vald, drap, valdtekt, brenning av hus m.m. som tydelegvis er uttrykk for trakassering av dalitar. Det som gjer det ekstra ille, er dei mange rapportar om at denne typen kriminalitet ikkje vert påtalt, men til dels akseptert og kanskje endå til tilskunda av politi og andre autoritetar som skulle gje vern for alle borgarar i eit land.

3) Det er i stor grad framleis slik at det er svært nedverdigande – og i følgje hinduisk religion og kultur "ureine" – jobbar som dalitar må ha, og som dei vanskeleg kjem seg ut av. Det verste er den manuelle reinskinga av tørr-toalett, eit symbol på nedverding og slit som er svært rystande (trass i at den slags toalettsystem er ulovlege i India). Det gjeld også stell av døde, menneske eller dyr.

4) Det er ei blanding av sosiale og religiøse grunnar som ligg bak diskrimineringa av dalitane, noko som gjer at det til dels vert fornekta av ansvarlege politikarar. Denne fornektinga forsterkar problemet og gjer det endå vanskelegare å bli utsett for det.

## 2. Kva har dalit-problemet med kyrkjene å gjere?

Problemstillinga har noko med kyrkjene å gjere av tre spesielle grunnar:

Uretten mot dalitane er bygd på prinsippet om at menneske er fødd ulike, noko som står eklatant i strid med eit kristent menneskesyn som framhevar at alle menneske er skapt i Guds bilete. Dette er eit alvorleg menneskerettsproblem. Systemet er difor eit alvorleg moralsk spørsmål, praktisering av det er eit spørsmål om medmenneskeleg krenking som ein kan kalle synd. Fleire framheva at det å praktisere diskriminering etter dette kaste-systemet er noko den einskilde må ta ansvar for, og der ein ikkje berre kan skulde på systemet. Biskop Kaameta frå Namibia, med sin bakgrunn frå anti-apartheid-kampen, kalla det han hadde høyrt om "a scandal for humanity". Slik gjorde han oss alle involverte i at dette systemet faktisk får gjere seg gjeldande slik det no skjer. Kyrkjene i verda kan ikkje late att augo for den diskrimineringa som her føregår ut frå menneske sitt opphav ("descent").

I India er dei fleste kristne (ca 80 % etter det mange reknar) dalitar, og såleis i stor grad utsett for den diskrimineringa som denne tankegangen og haldningane som ligg i det, inneber. Det er ein del av den problematikken som ligg bak den nye, forsterka valden mot kristne i India.

Det er til dels diverre slik at kastesystemet framleis kjem til uttrykk også innan kyrkjene på ein måte som må kunne kallast diskriminering. Dette er eit alvorleg problem for det kristne fellesskapet lokalt – og dermed globalt. Dersom det er rett at menneske ikkje kan gå i same kyrkje og delta ved same nattverdbord på grunn av sitt opphav (men som elles naturleg høyrer til same stad), er dette eit alvorleg lærespørsmål.

## 3. Formålet med og innhaldet i konferansen

Spørsmåla for denne konferansen var: Korleis kan kyrkjene gjere noko for å skape endring for desse lidande menneske som vert handsama som umenneske. Korleis kan det internasjonale økumeniske fellesskapet gjere noko med desse forholda? Korleis skal ein formulere dei teologiske, moralske, juridiske og strategiske poenga som kan brukast? Kva kan gjerast overfor politikken for å påverke den situasjonen som gjeld minst 167 millionar menneske i India, kanskje 260 millionar i heile det sør-asiastiske området? Det er i alle fall eit tema om diskriminering, undertrykking og vald som ikkje hittil har nådd så langt opp på den internasjonale agendaen, korkje i politikken eller økumenikken. Dette var den fyrste internasjonale økumeniske konferansen om dette emnet. Det seier litt.

**Kunnskap**
Denne konferansen hadde til dels som mål å gjere større delar av den økumeniske familie ansvarlege for å vite om problemet og for å trekkje opp strategiar saman med kyrkjene (særleg) i India for eit vidare felles handlingsmønster.

Dei fleste kristne høyrer jo til i denne gruppa. Sjå vedlagte oppsummering om korleis dette systemet og problemet artar seg i så måte. Særleg den protestantiske

misjonsverksemda har gjeve dalitane ein ny identitet som kristne, uavhengige av kastesystemet. Og mange kristne i andre eller tredje generasjon har vel prøvd å leve som om ikkje systemet finst, og delvis lukkast med det. Men den generasjonen som veks fram og tek ansvar, er vortne medvitne om kva urett dette eigentleg handlar om. - For dei sjølve og for alle dalitar.

Arrangørane ville få saka høgare opp på agendaen i kyrkjene, både i India og internasjonalt. Dei lukkast langt på veg med å gjere det dei kunne gjennom ein slik konferanse, ikkje minst på grunn av den breie deltakinga frå India. Kyrkjene der vil nok gjerne vere positive, men treng internasjonal hjelp for å gjere dette effektivt overfor styresmaktene. Heilt konkret gjeld det å få anerkjent at dalitkristne får i det minste same rettar som andre dalitar i India.

Etter kampen mot slaveri, kolonialisering og apartheid, må den globale kyrkja no ta tak i dette problemet. Det er store forventningar til at denne konferansen kan forandre noko. Det kjennest underleg, men det er likevel ei viktig kjensle at ein skal bidra med noko berre ved å delta i konferansar som dette. Men det er opp til både den enkelte og dei samanhengar ein arbeider innanfor, å reise spørsmåla som kan føre desse sakene vidare.

**Internasjonal politikk**
Konferansen fann stad ein månad før den berømte Durban II-konferansen om rasisme i FN-regi i Genève. Den førre (Durban 2001) vart eit vendepunkt for dalit-saka når det gjaldt internasjonale merksemd, men også eit vonbrot fordi det ikkje var mogeleg å få inn orda "work or descent" som kriterium for diskriminering. Det var India som forhindra det.
Legal definisjon i FN har med "descent" i definisjonen av rasisme, noko som opplagt inneber diskriminering pga kaste. Det er ein konspirasjon som ynskjer å få taushet om dette emnet.

India prøver å få denne tolkinga bort frå operative definisjonar i FN-systemet. Men alle diplomatar frå India er frå dominerande kaste, så dette er ikkje uventa. Problemet er at India nektar for at det er urfolk i India, at det er kasterelatert diskriminering, og at det er "untouchability related violence". Det er mange offisielle døme på at dalitar er direkte nekta i å delta i offentleg og religiøst liv etc.

Gandhi bidrog diverre til at denne haldninga til dalitar lever vidare. Han plasserte det som eit tema i religionen, noko som gjorde at dette er meir komplisert å få tatt tak i når det difor ikkje er ein del av den offisielle politiske debatten. Det er svært interessant å høyre at India ville ha "kaste" inn i definisjonen av rasisme i 1947, men Eleonore Roosevelt fekk forhindra det fordi det var for kontekstuelt og kulturelt betinga.

Dette handlar om å arbeide med demokratiske middel for å få gjennomslag for demokratiets grunnverdiar i land som på grunn av dette systemet får grunnleggjande udemokratiske trekk.
Landspørsmålet må takast opp. Dalitane har generelt korkje land eller rett til å kjøpe land.

**Empowerment**

Konferansen hadde som eit viktig mål å styrkje dalitane sin eigen kamp innanfrå. 'Dalit'-omgrepet er deira eige, og betyr "dei såra"eller "brotne". Det er ikkje eit godtatt offisielt uttrykk, snarare tvert imot, men det er viktig for dei å ta makta over den definisjonen for å kunne kome lenger i deira frigjeringskamp. Det er viktig å ikkje godta uttrykk som "untouchable" eller "unseeable", dei verkar forsterkande på undertrykkinga.

Det var også viktig at det føregår ei indre viktimisering som formar identiteten. Det er ikkje berre ytre påført stigmatisering som øydelegg menneske, men også den vidare reaksjonen den enkelte får, den indre resignasjon og mindreverdskjensle ein heile tida må stri med.

Dalitane gjer arbeid som ingen andre vil gjere, men som må gjerast (knytt til reingjering av toalett (også tørrklosett!), vaksing, slakting, arbeid med skinn, grave graver, flytte døde kroppar for menneske og dyr etc). Pengesystemet vert no prøvd å bruke som maktfaktor nedanfor: Det er mogeleg å få dalitar til å grave ei grav dersom ein betalar anstendig.

Eit kristent menneskesyn er ei dyrebar perle, der alle menneske er skapt i Guds bilete. Det er eit kraftfullt bodskap. På konferansen var det t.d. talar frå Sør-Afrika (Maaje Masango) som viste kor vesentleg nettopp dette var for å halde oppe motet til å kjempe.

Utdanning er eit viktig mål for å skape endring i maktforhold. Det  er nesten umogeleg å overvurdere kor viktig utdanning er i så måte.

**Advocacy**
er ikkje primært noko ein skal gjere på vegner av ei gruppe, fordi det er viktig at dei sjølve kan gjere noko for å få fram si sak. Ein kan ikkje få empowerment frå utsida, det må vekse fram innanfrå. Samanhengen mellom "advocacy by" og "advocacy for" er eit grunntema her. Dei som representerte dalitane, sa at dei er glade for teikn på solidaritet frå andre kyrkjer. Advocacy må primært handle om "empowerment", slik at dei sjølve vert i stand til å stå i den kampen ein kamp mot urett som dette vil vere.

Sivilsamfunnet må stå saman om dette. Det vil vere ein fare for å bli isolerte om dei kristne kyrkjene går åleine. Men kyrkjene er mykje "tjukkare" i sine nettverk enn mange av dei nye sivilsamfunnsnettverka, nedslagsfeltet er breiare. Det trengs nok også ei betre koordinering mellom politikarar og aktivistar som arbeider med desse spørsmåla.

Dalitspørsmålet er eit sosialt fenomen, ja, eit sosialt onde. Og her må ein kunne kritisere religionen dersom den grunngjev eller legitimerer dette. Det er kanskje vel så mykje religionskritikk som politisk kamp som må til i denne samanhengen? Biskop Kaameta meinte: Vi skal ikkje slost for avvikling av hindureligion, men for rettferd og for rett bruk av religionen. Viktig lærdom frå Sør-Afrika: Det var ikkje fornekting av kristendomen som måtte til, men å bruke kristendommen mot undertrykkjarane. Mitt og andre sine spørsmål er likevel: Er ikkje hindusimen i sine grunndrag slik den fungerer no i India, i seg sjølv undertrykkjande? Det vart hevda at i hindusimen er guddommen alltid symbolisert med våpen. Ein kjem knapt utanom ein religionskritisk vinkel i arbeidet mot dalit-problemet der ein må vere budde på at det er nødvendig å utfordre religionen og dens autoritative skrifter. Men det var også tilfellet i antiapartheid-kampen, det var både

indre religionskritikk og kritikk av bruken av kristendomen som fann stad. Ei rørsle for rettferd for dalitane treng noko ein kan dra inspirasjon frå. Korleis kan vi finne den inspirasjonen ut frå Bibelen – utan å gjere dette til ein religionskrig som vil gjere vondt verre? I det heile er kanskje den største utfordringa i dette tilfellet i skjeringsfeltet mellom religionsdialog og arbeid for rettferd og menneskerettar.

**Kvinner**
Det var rettmessig stort fokus på kvinners situasjon. Sjølv om det er tabu og ein idé om "untouchability" overfor dalitar, er kvinnene betrakta som dei dominerande kasta sin "eigedom" når det kjem til det seksuelle området.

Difor vil kvinnene prøve å innføre i ein region ideen om "donttouchability". Dei har fått straffa overgriparar frå dominerande kastar for valdtekt. Det er ei utfordring for kyrkjene å følgje opp same linje. Det er også sterke organisasjonar som hjelper dalit-kvinner til å protestere som "out-cast", og stå på at dei ikkje er bundne av kastesystemet til å teie lenger.

Manglande rettstryggleik eller det at nokon slepp straff ("impunity") er eit hovudproblem for dalitar i India generelt. Det vert sagt at det ikkje er effektiv juridisk vern og etterforsking av overgrep, trakassering, vald og drap mot dalitar. Dalit-kvinner er aller mest utsette. Som ei sa: Det er ikkje nokon trygg stad i India for ei kristen dalitkvinne.

**Kristne sin situasjon**
80% av dalitane i India er kristne, men leiarskapet i kyrkjene er stundom (i visse kyrkjer ofte) frå dominerande kaster. Desse 16 millionar får ikkje tilgang til dei tiltaka som er sette i gang for å kompensere for diskrimineringa av dalits (kalla offisielt "scheduled caste"). Faktisk har ein del kristne gått mot dette, fordi dei ikkje vil at det skal bli sagt at det er ei slik diskriminering mellom kristne. Kristne dalit-kvinner er tredobbelt diskriminert i praksis: Kaste, religion, gender. Kampen må skje innanfor kyrkja, den kan ikkje bli overlatt til dalitane og kvinnene ved å seie at "dette er dykkar problem". For å kome vidare må kyrkja slutte å ignorere at dette er eit reelt problem innanfor kyrkja sjølv. Ein treng då internasjonale initiativ og må spele saman med den indiske kyrkja. Andre kampar kan inspirere, så som Sør-Afrika, Brasil etc.

Nokon tok opp og diskuterte den romersk-katolske kyrkja si rolle. Pave Johannes Paul II hadde eit sterkt utsegn om nødvendige endringar i kyrkja for å uttrykkje solidaritet og menneskeverd. Men ingenting skjer, vert det hevda, mellom anna fordi leiarskapet i den kyrkja i India tilhøyrer den privilegerte kasten.

Det var fleire som talte om dalit-problemet som ei åndeleg utfordring, både eksternt og internt for kyrkjene. Ikkje minst vart leiarskapet utfordra til å ta tak i dette på nye og meir omfattande måtar, og vere viljuge til å betale ein pris for eit slikt engasjement.

## 4. Oppfølging og strategiar vidare

Ein bør og kan utnytte det ein har lært frå andre fridomskampar. Det er parallellar med apartheidproblemet. Stikkord er: Urett, menneskesyn, menneskeforakt, vald, systematisert trakassering, politisert undertrykking. Religiøse grunnar vert også her brukt for å grunngje undertrykkinga. Det er eit system som gjer at undertrykte undertrykkjer

vidare. Systemet er slik at det passar for å få samfunnet til å fungere, det er jobbar som skal gjerast som andre ikkje vil gjere, det er billeg arbeidskraft, det er ein måte å halde folk nede på som ikkje bør ha for mykje influens på det politiske livet.

Men mykje er ulikt. Det er ikkje så lett å identifisere fienden og undertrykkjaren, og gjer du det, får du lett ein definisjon som inneber at hinduismen er fienden. Dessutan er dimensjonane annleis. Og gruppene som er undertrykte, er ikkje så einsarta som dei var t.d. i Sør-Afrika, der det var synleg farge og rase som gjorde alle som høyrde til den eller den gruppa identifiserbare og sameinte.
Det kan vere mange og store farlege omkostningar med å utrope hinduismen til motstandar.

Kva kan så det internasjonale økumeniske fellesskap gjere for å skape ei forandring for dalitane? Det er grunn til å sjå på dei muligheitene som ligg i at det er eksterne partar som minner ein på at noko er gale som ein ikkje kan gjere noko med. Også vi som ikkje har same erfaringar, kan vere til hjelp ved å gje dette problemet merksemd og støtte dei som prøver å gjere noko med konkrete endringar i India.

Ganske sterke og effektive organisasjonar jobbar med viktige lobbyprosjekt, ikkje minst i Europa. Det er også vesentlege ressursar om desse spørsmåla på ein del nettstader, ikkje minst International Dalit Solidarity Network (IDSN). Dei siste har også eit hovudkontor i København.

Kvar er misjonærane og misjonsorganisasjonane si røyst i dette? Kva med kyrkjeleiarane i India? Ein må gjere heimearbeidet sitt i India. Ein luthersk deltakar sa: "I have never heard a single word about dalit from my Lutheran colleges in India!"

Biskop Kaameta gav respons på det han høyrde på konferansen, og gav uttrykk for både håp og kall til kyrkjene elles i verda: "We are children of Global Ecumenical Solidarity, without it we in South Africa and Namibia would have been dead or disappeared. In the 21$^{st}$ century, after the democratization of South Africa, we thought that racism disappeared from the earth. Now I have listened to you, and you talk exactly like we did 30 years ago. There is now an hour for a prophetic voice calling from the rooftops. The Dalit (the broken) shall be the healed ones. This is a temporary name." Ein annan siterte Karl Barth: "To hope is to hear the music of tomorrow already today, faith is to dance to that music."

Ein indisk biskop takka for at konferansen har opna auga til indiske deltakarar. Indiske kyrkjeleiarar har heller ikkje sett seg inn i det som er skrive om vald mot dalitar.

Det vart understreka at det er eit sterkt behov for meir samhald i kampen mot dalit-problemet. Det som særleg må til for å få endring, er at det blir ei annan koordinering av internasjonale tiltak eller utsegn med det som skjer nasjonalt.

Frå norsk side trur eg vi skal gjere tre ting i fyrste omgang:

1. Finne ut kven som er partnarar for informasjon om problemet i Noreg og korleis kyrkja kan bidra til å få fram dette rettferdsarbeidet i Noreg. KN, Rafto-stiftinga og misjonsorganisasjonane (Misjon i Øst, Normisjon) er nok dei mest nærliggjande partnarane.

2. Ta opp emnet med norsk UD for å drøfte korleis Noreg kan bidra til at dette problemet vert identifisert og teke opp, også som rasisme - og motarbeidd som det.

3. Drøfte med KV og LVF vidare arbeid og strategiar som Dnk kan bidra til.

# WORLD COUNCIL OF CHURCHES
ÖKUMENISCHER RAT DER KIRCHEN – CONSEIL OECUMÉNIQUE DES EGLISES – CONSEJO MUNDIAL DE IGLESIAS

# THE LUTHERAN WORLD FEDERATION
A COMMUNION OF CHURCHES – EINE KIRCHENGEMEINSCHAFT – UNA COMUNIÓN DE IGLESIAS – UNE COMMUNION D'ÉGLISES
LUTHERISCHER WELTBUND – FEDERACIÓN LUTERANA MUNDIAL – FÉDÉRATION LUTHÉRIENNE MONDIALE


**Global Ecumenical Conference on Justice for Dalits**
**March 21-24, 2009, Bangkok, Thailand**

## *The Bangkok Declaration and Call*[1]

### 1. The Declaration

#### 1.1 Introduction

The Dalit Samaritan woman asked Jesus, "Where can I find this living water?"[2]

We came together as almost 100 participants, the great majority from churches and Christian bodies across the world, with advisers from other faith communities, to address the largest systemic violation of human rights in today's world, caste-based discrimination (CBD). As Dalits and friends of Dalits we came from caste-affected countries, mostly India, but also Nepal, Pakistan, Sri Lanka and Nigeria, as well as from other countries in Africa, Asia, the Caribbean, Europe, Latin America, the Middle East, North America and the Pacific. We were called together by the World Council of Churches (WCC), the Lutheran World Federation (LWF), and the Christian Conference of Asia (CCA). We gathered on the International Day for the Elimination of Racial Discrimination (March 21). We were hosted by the Church of Christ in Thailand, to which we express our gratitude.

We were addressed by Dalits and representatives of other communities experiencing inherited social exclusion, activists, academics, bishops and church leaders. We engaged in Bible study, worship and prayer which created a strong foundation both for understanding caste and our call to action. We discussed, debated, learned and built a great sense of solidarity around our total rejection of CBD. We all learned more about Dalit history and culture, Dalit women's experience, recent atrocities such as those in Kandhamal, Orissa[3] and Khairlanji, Maharashtra[4], and growing Dalit

[1] This document was prepared by a group of 'listeners' on behalf of the participants of the conference. These were: Mr. Dennis Frado, USA, Rev. David Haslam, UK; Rev. Roxanne Jordan, South Africa; Dr Mikko Malkavaara, Finland, Rt Rev. Dr Isaac Mar Philoxenos, India; and Rev. Robina Winbush, USA. This was done to enable them, as friends of Dalits, to formulate their own responses in solidarity with Dalits and in the light of their experiences during the conference. The conference discussed the document, agreeing to its intent and structure and proposing some changes to the content. Two younger Dalit activists, Ms Rama Devi Hansraj and Rev. Raj Bharat Patta then joined the listeners group to work on further amendments to the document, before handing it over to the organizing staff group for final editorial revisions.
[2] John 4:11
[3] Dozens were murdered, many injured, and property destroyed and looted following the 23 August 2008 murder of the leader of the militant Hindu organization, VHP, in the Indian state of Orissa. However, what was generally described as Hindu-Christian inter-communal violence expressed underlying caste tensions. The rampage that radical VHP followers went on after the murder (for which Maoist insurgents claimed responsibility) targeted Christian communities. Most Christians in the Kandhamal, Bargarh and Koraput Deogarh districts of Orissa are Dalits or Adivasis (tribal or indigenous people). State and federal governments and law enforcement authorities stood by and


*P.O. Box 2100, Route de Ferney 150,*
*CH-1211 Geneva 2, Switzerland*
*Tel +41/22-791 61 11*
*infowcc@wcc-coe.org*
*info@lutheranworld.org*

resistance to CBD. We were told that "Dalit" is the chosen name of the former "untouchable" communities which although it means "crushed" signifies their resistance and hope.

At the opening worship, it was said, "Today, regardless of where we come from, which church we represent, we all become Dalits. Not only for today and during this conference, but also for our life until Dalits are liberated, we all become Dalits."

And, with sadness and anger, we heard many stories of the suffering of Dalits - murder, rape, mutilations, beatings, humiliation, extreme poverty and the daily grinding discrimination and exclusion that is the lot of so many millions of Dalit people.

**1.2 The Confessions**

We were reminded in challenging and sometimes emotional terms of the continuing prevalence of caste in the church and the silence of the church in addressing caste both inside and outside the church. The representatives of the churches of the countries more directly affected by caste[5] wished to confess their complicity with CBD and to acknowledge that caste remains deeply entrenched in their churches today. This is manifested in leadership struggles, use of resources, unwillingness to challenge the authorities and failure to support victims of caste atrocities. These representatives also confessed the prevalence of patriarchy in their churches - which both reinforces casteism and creates double exclusion - and also their failures to support struggles for justice elsewhere.

The representatives of the churches in less-affected countries (LACs) and the wider ecumenical family wished to confess their ignorance with regard to CBD, their failure to study or explore this systemic oppression and their failure to accompany churches and communities suffering CBD.

During the meeting we were reminded by our Southern African colleagues of the declaration in the midst of their liberation struggle that "apartheid is heresy" and that "racism is sin". Likewise, we too wish to confess that "caste discrimination is a crime" and that "casteism is sin" because it contradicts the Christian teaching that all are created in the image of God.

In this document we speak primarily about CBD, but we recognize CBD is a product of the caste system, which Dalits believe needs to be annihilated to end social injustice, oppression and exclusion.

---

waited for days before reacting to the violence. Only after four days was a state of emergency declared.

[4] On 29 September 2006, four members of a Dalit family in Khairlanji village of the Indian state of Maharashtra's Bhandara district were raped, mutilated and bludgeoned to death by fellow villagers. The 'provocation' for this attack was the fact that members of this family were educated and asserted their right to a life of dignity despite their poverty. When the sole surviving member of the family reported the crime, the police showed a characteristically disinterested and even contemptuous attitude to the investigation.

[5] A debate emerged concerning the terminology of "caste-affected countries" (CACs) and "less-affected countries" (LACs). Some preferred alternative expressions such as "more directly affected countries" and "differently affected countries". However, all agreed that caste, casteism and caste-based discrimination affect not only those South Asian countries most often associated with these phenomena, but is a truly global concern. This conviction is based on (i) the Christian understanding of *communio* – with the suffering of one member of the body of Christ affecting the whole body, (ii) a general ethical understanding of relationships in community, and (iii) the salience of caste throughout the South Asian diaspora globally.

### 1.3 The Acknowledgements

Firstly, we acknowledge that our primary concern is with India, as here about 200 million[6] people are affected, but we are also concerned for the millions[7] in other countries discriminated against on the basis of caste -- or "work and descent" as the United Nations (UN) calls it -- including in Nepal, Pakistan, Bangladesh, and Sri Lanka as well as the Buraku community in Japan, the Osu community in Nigeria and similar communities elsewhere, whose experience and expression of struggle differs. For example, Dalits in Nepal are currently battling for proper recognition in the new Constitution. Many of our recommendations have particular reference to India.

We also acknowledge that CBD is a reality today resulting in routine social exclusion and discrimination; extreme vulnerability to violence; sexual abuse against Dalit women and children; trafficking; discrimination in schools and institutions of higher education; lack of access to disaster relief and mitigation measures; exclusion from markets, water sources and public services and public places; and reprisals when Dalits demand equality and justice. This is a systemic discrimination which permeates structures of governance, media and the criminal justice administration.

Secondly, we wish to acknowledge and to recognize the failure of the international community to address CBD. For those countries with involvement since colonial times, especially Britain, this failure dates back centuries. It includes the conditions under which independence was negotiated and subsequent political and economic relationships. The international community's common failure was most clearly revealed in the 2001 World Conference Against Racism (WCAR) in Durban, where over 200 Dalit activists sought to raise CBD, and the international community turned a deaf ear, to its shame and disgrace. Because of the collusion of other governments with the Indian government, the international community declined to address caste there and at many subsequent UN meetings.

Thirdly, we wish to acknowledge the additional sensitivities raised by this issue in the context of interfaith dialogue between Christians and Hindus. We acknowledge the right for all to preach, profess and practice their faith. We reject extremism and religious fundamentalism in every faith. We welcome interfaith dialogue that confronts casteism and upholds human dignity, especially Dalit liberation.

***Our God who is present everywhere, particularly in the struggles of our people,***
***Let your name be proclaimed by our acts of justice and truth,***
***Help us to realize your sovereignty by being in solidarity with one another,***
***Inspire us to do your will – to resist, confront and transform, as you have,***
***Give us daily your grace to share our food, resources and ourselves with others, as you shared your life with us,***
***Lead us not into the temptation of practising caste and being self-centred,***
***Deliver us from all kinds of oppression and discrimination***
***For your reign, power and glory shall come unto us when all of us live in the spirit of community governed by the values of dignity, mutual respect and equality.***
***Amen.***[8]

---

[6] This figure includes 166 million (government statistics, 2001) plus Dalit Christians and Muslims.
[7] Some global estimates place the total number of Dalits and members of similarly-affected communities at 260 million.
[8] The prayers in the boxes at the end of each section of this document are based on worship materials used at the conference in Bangkok.

## 2. The Call

We present this Call in the name of justice for and solidarity with Dalits.

### 2.1 The churches of CACs

We call upon you to:
(i) recognize and repent of your casteism, and eradicate it within the churches;

(ii) identify yourselves as churches in full solidarity with the Dalit movements and to speak with a united voice in working towards Dalit liberation;

(iii) identify casteism as an ecumenical issue and locate it in the existing ecumenical bodies, and widen and deepen ecumenical cooperation in addressing this issue;

(iv) create affirmative action policies and programmes for Dalits within the churches and their institutions at all levels (governance, management and employment), with specific programmes for Dalit youth;

(v) publicly condemn violence against Dalit women and set up programmes to combat this violence;

(vi) continue or develop programmes of education and awareness-building in relation to CBD, inside the churches and outside;

(vii) continue or develop programmes to monitor caste atrocities and to act immediately to support victims, human rights defenders and witnesses;

(viii) encourage the expression of Dalit culture in worship, liturgy and theology;

(ix) call upon theological colleges to take up the Dalit issue effectively in their curricula and other academic activities;

(x) address and eliminate patriarchy for the sake of both women and men;

(xi) challenge your governments for their inaction -- in national and international contexts -- on effectively addressing the practice of CBD; and

(xii) support the national and international campaign for the elimination of 'manual scavenging'[9] by the end of 2010.[10]

---

[9] 'Manual scavenging' is the manual removal of excreta ('night soil') from 'dry latrines' (i.e. toilets without a flush system). This is a traditional occupation of Dalits, and is still performed almost exclusively by Dalits – especially Dalit women. Some states in India have passed laws to abolish manual scavenging, and the national Employment of Manual Scavengers and Construction of Dry Latrines (Prohibition) Act 1993 prescribes penalties for the employment of manual scavengers or the construction of dry (non-flush) latrines of imprisonment for up to one year and/or a fine of Rs 2,000. However, manual scavenging persists throughout India (with an estimated 1.3 million Dalits still employed as manual scavengers), despite repeated government commitments to eradicate it.

[10] The campaign for the abolition of manual scavenging has been led by Safai Karamchari Andolan, an organization working among manual scavengers, which has identified 2010 (when India will host the Commonwealth Games) as a target date for the final elimination of this degrading and dangerous occupation.

**2.2 The churches of LACs**

We call upon you to:
(i) develop urgently programmes of education and awareness-building in relation to caste and how it affects people of many countries;

(ii) join in the international campaign for the elimination of 'manual scavenging' by the end of 2010;

(iii) provide resources for solidarity work both in CACs and your own country, to support a sustained and long-term period of work, and to facilitate exchange and exposure visits in both directions, perhaps as 'Living Letters', urging all visitors from LACs to CACs to visit the Dalit communities and movements;

(iv) address your governments in relation to their trade and development policies, their role at the UN and related bodies, the European Union or other appropriate institutions, to contribute to international recognition of and cooperation to eradicate CBD; and

(v) urge private sector companies and banks investing in India and in other CACs to undertake the Dalit Discrimination Check[11] and to sign the Ambedkar Principles[12] for affirmative action and employment equality.

**2.3 National and international ecumenical bodies**

We call upon you to take up Dalit liberation and solidarity as a central mission objective, including circulating this statement to all member churches and seeking their response, and accompanying the Dalit movements:

(i) in CACs to initiate a process similar to that which led to the "Kairos Declaration"[13] in South Africa, with Dalit Theology as the crucial element, to produce a major theological statement or declaration of a Christian position on caste, caste-based discrimination, and their relationship to the situation and struggles of Dalits by, say, 21 March 2010;

(ii) in LACs to create a structure whereby the proposals in section B above can be taken forward;

---

[11] The Dalit Discrimination Check (DDC) is a tool developed by the International Dalit Solidarity Network (IDSN) to help companies prevent discrimination and exploitation of Dalits in their Indian operations and suppliers. The DDC can be downloaded at http://www.idsn.org/business-csr/dalit-discrimination-check/

[12] The Ambedkar Principles are a set of principles developed by the International Dalit Solidarity Network (IDSN) concerning employment and other contexts in which Dalits suffer economic and social exclusion. They intend to acknowledge the degree of historic injustice against Dalits in South Asia and aim to compensate for this through affirmative action, in line with international human rights standards, although not to the detriment of other excluded groups. IDSN recommends that companies apply these principles in their business operations. The Ambedkar Principles can be downloaded at http://www.idsn.org/business-csr/ambedkar-principles/. The Ambedkar Principles are named after Dr Bhimrao Ramji Ambedkar (14 April 1891-6 December 1956), also known as *Babasaheb*, who was an Indian nationalist, jurist, Dalit political leader and Buddhist revivalist. He was also the chief architect of the Indian Constitution. Born into a poor 'untouchable' family, Ambedkar studied in New York and London, and spent his whole political life fighting against social discrimination and the Indian caste system.

[13] The original 'Kairos' document was a Statement issued by a group of primarily black theologians in South Africa in 1985, at the height of the struggle against apartheid. It critiqued 'State theology', 'Church theology' and argued for a 'Prophetic theology'. It issued a 'Challenge to Action', caused considerable controversy and acted as a model for other Kairos documents, eg Central America, shortly afterwards.

(iii) in the international ecumenical bodies to develop further their on-going work on justice for Dalits and to collaborate in establishing a Global Watch on violence against Dalits, creating a communication system to all member churches and beyond; and

(iv) set up -- for the purpose of promoting follow-up to this conference -- an on-going task group (to be supported by the churches in the CACs and LACs) to consider the possibilities of (a) a review conference in five years' time, (b) a Decade to Overcome Caste and Exclusion to follow the Decade to Overcome Violence, (c) an International Dalit Sunday, and (d) all additional suggestions from this conference.

**2.4 The Governments in CACs**

While acknowledging efforts so far made to address CBD, we urge you to:

(i) protect your citizens and end the violence, acknowledge your failure to address CBD and the atrocities that accompany it effectively, and to refresh vigorously all programmes and resources (especially in the police and judiciary) aimed at dealing with this pernicious "blot on humanity"[14];

(ii) engage with the UN human rights bodies and mechanisms to effectively address CBD;

(iii) guarantee the human rights of Dalits, and ensure that the independent voices of Dalits are heard in government and all national decision-making bodies;

(iv) expand and develop the education programmes already addressed to Dalit children and initiate new education programmes for children who are not Dalits to assist them in relinquishing their oppressive caste status;

(v) ensure justice for Christians and Muslims of "Scheduled Caste"[15] origin in India by recognizing their "Scheduled Caste" status, which will provide them with better protection under the Scheduled Castes and Scheduled Tribes (Prevention of Atrocities) Act 1989 and access to affirmative action policies and programmes;

(vi) pay particular attention to the needs of Dalit women in education, employment, land distribution, and the effects of violence;

(vii) calculate the costs of the free labour provided by Dalits, at least since independence, and add this to the budgets allocated to "Scheduled Castes" but often never delivered, to ensure full budget justice and transparency, and to prohibit non-voluntary free labour in the future;

(viii) establish an action plan with a timetable to eliminate 'manual scavenging'; and

(ix) engage with the campaign for Electoral Reform towards proportional representation for all communities.

---

[14] Indian Prime Minister Manmohan Singh, 27 December 2006, http://www.hindu.com/2006/12/28/stories/2006122803521300.htm

[15] "Scheduled Caste" is official Indian government terminology for Dalits.

### 2.5 The International Community

(i) With feelings of dismay and outrage at the failure of the WCAR 2001 to address caste, we call upon you, even at this late stage, to offer a platform to those representing Dalit communities who will be attending and engaging with the Durban Review Conference in April 2009, and urge all participating governments to accept the inclusion of CBD in those discussions.[16]

(ii) While recognizing progress on CBD in bodies such as the UN Committee on the Elimination of All Forms of Racial Discrimination, the UN Committee on the Elimination of Discrimination Against Women and the International Labour Organization, we urge the UN Human Rights Council to ensure that the draft Principles and Guidelines for the Effective Elimination of Discrimination based on Work and Descent, developed under the former Sub-Commission on the Promotion and Protection of Human Rights, are adopted in order to provide a firm and appropriate basis for the whole international community to address CBD.[17]

(iii) We call on the international community to support the campaign for the elimination of 'manual scavenging' by 2010.

### 2.6 Dalit Communities

We call upon you to practice unity with steadfastness and courage, both inside and outside the churches, to avoid division by 'sub-caste' and leadership competition, and to present a broad-based and democratic front in the liberation struggle. We also call upon you to act in solidarity with other struggles for justice.

***Lord we intercede***
***For those who suffer the violence of caste***
***For those who stand in solidarity***
***For those who raise their voice in protest***
***For those who are forced into silence***
***For those who act as if everything is normal***
***For those who overtly inflict violence***
***For all those who feel the pain***
***For those who benefit from the system***
***For those who are ignorant of the sin that is caste***
***For us, who commit to overthrow the system***

## 3. Conclusion and Affirmation

Finally, we the participants in the Bangkok Conference of March 2009 reject any notion of hierarchies of oppression. We look for a caste-free world, in which the human dignity and rights of everyone is affirmed irrespective of their social origin and identity. This, we believe, is the living water for which the Dalit Samaritan woman asked. We reaffirm our commitment to Dalits and all other marginalized and

[16] For more information on the World Conference Against Racism and the Durban Review Conference, see http://www.un.org/WCAR/, http://www.un.org/durbanreview2009/ and http://www.idsn.org/international-advocacy/un/durban-review-conf/

[17] For more information on the draft UN Principles and Guidelines for the Effective Elimination of Discrimination Based on Work and Descent, see http://www.idsn.org/international-advocacy/un/un-principles-guidelines/

exploited communities. This is the preferential option for the poor. We invite all those who receive this document to join with us in actions of solidarity to render human dignity and justice to all Dalits and to combat all injustice and inequality, in order to live up to our calling as "the beloved community", the people of God.

***May the God in whose image we all are created,***
***guide us.***
***May the Jesus who ate with the impure, who touched the untouchable and who knew no caste,***
***encourage us.***
***May the Holy Spirit whose power blew through the people of many nations so that they all understood in their own language and others asked "Are they all Dalits?",***
***inspire us.***
***May we all walk in the light, bound together in love and proclaiming those words written in the soot –***
***Jesus is alive!***[18]

Issued for Passion Sunday 2009
'When Jesus came in sight of the City he wept over it and said "If only you had known this day the way that leads to peace!" Luke 19, 41-2.'

[18] The phrase 'Jesus is alive' was found written in the soot of a burnt-out church building in Kandhamal in August 2008, where among other atrocities a Roman Catholic nun had been raped.